

Himmelsk vakker munnspekkonsert

Konsert


KONSERT I VAGAKYRKJA

Norsk Munnspekkforum
Sigmund Groven med Reidar Svare
som gjesteartist

Omtale ved Ketil Sandviken

VÅGÅ: Norsk Munnspekkforums seminar med 24 deltakarar frå heile landet vart avslutta med konsert for bortimot fullsett Vågåkyrkje i går kveld.

Stilfull opning med samtlege utøvarar fordelt på to galleri og skip dirigert av «maestro» Sigmund Groven i «Den fyrste song eg høyra fekk», deretter fleire grupper og solistar i samspel med fast akkompagnatør Ivar Anton Waagaard. Her er det spesielt grunn til å trekkje fram Tore Repes framføring av «I himmelen»



med Waagaard på orgel.

Reidar Svare var sangsolist i tre nummer, «Fjellvandring» av Ove Tidemansen-Sigurd Biløygard, «Nærast er du når du er borte» av Tor Jonsson-IvarFrønes med Vegard Austli Kjøsnes på munnspekk og «Du skal plante et tre» av Arne Hagen med verdas beste munnspekkmaker, Georg Pollestad og Waagaard som tonefølgje. Groven lovprisa Svare og passa på å leggje inn gode ord for CD'en som kjem i oktober.

Så tok sjefen over. For sjølv om Groven nå har mange arvtakarar, ikkje minst i før nemnte Reppe og Austli Kjøsnes, Alexander Borlaug og Jan Ingemann Petersen, er det ingen tvil om kven som trakterer munnspekket best. Groven trollbatt kyrkjelyden og hausta trampeklapp for Toledo, spansk fantasi av Tommy Reilly-akkompagnatør James Moody, men det var «Solveigs sang» som gjorde sterkast inntrykk. Eg har aldri høyrte denne vakre Grieg-tonen spelt så inderleg vakkert.

Og til slutt vart det både «Så spiller vi harmonika» og Reodor...

Groven har mange arvtakarar, men det er ikkje tvil om kven som spelar best.

BEST: Sigmund Groven avslutta og viste kven som er sjefen.